



Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Fjalerhuset - kommunestyresalen
Dato:	18.06.2026
Tid:	Kl. 09:00

Medlemmer:	Parti
Espedal, Leif Jarle	AP
Helle, Arve	AP
Naustdal, Ainor Fristad	AP
Nygaard, Kjersti Engvik	AP
Vagstad, Jostein	AP
Hjartholm, Bjørn Helge	H
Jarstad, Jostein	H
Myklebust, Kai Ronny	H
Sande, Elisabeth Boge	H
Stenseth, Svein-Martin Hovland	MDG
Taylor, Mark	MDG
Eimind, Marthe	SP
Engen, Randi Oddny	SP
Felde, Kjetil Høgseth	SP
Grytøyra, Maren	SP
Lammetun, Hans André	SP
Dingsøy, Lene Beate Furset	SV
Ness, Kjetil	SV
Rundberg, Anna-Linnéa	UAVH
Brattelid, Ståle	V
Haugsbakk, Marte	V
Stølen, Christoffer Olai Klenevåg	V

Forfall meldt frå følgjande medl	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Stang, Gunhild Berge	V	Osland, Arne	V

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte
Lammetun, Hans André	049/26	Ingen vara innkalla
Rundberg, Anna-Linnéa	049/26	Ingen vara innkalla

Merknader:

Frå kl. 09:00-10:00 var det gruppearbeid om omstilling og innsparing ref. KOM-sak 054/26 "Rapport om omstilling og innsparing 2026"

Kommunedirektøren si presentasjon vert lagt til sak 044/26 etter møtet. Presentasjonen er todelt og inneheld òg informasjon om omstillingsprosjektet, jf. KOM-sak 054/26, samt grunnlag for gruppearbeidet.

Møteleiar: Espedal, Leif Jarle

_____	_____	_____
_____	_____	_____
_____		_____

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel		ArkivsakID
041/26	Godkjenning av innkalling og sakliste		26/1042
042/26	Godkjenning av protokoll		26/1042
043/26	Referatsaker		26/1042
044/26	Orienteringar frå kommunedirektøren		26/1042
045/26	Rapport frå forvaltningsrevisjon om personalleiing		25/1926
046/26	Kommunalt måldokument for forvaltning av hjortevilt 2026-2030		26/313
047/26	Kommuneplanen sin samfunnsdel - sluttbehandling og vedtak		24/1687
048/26	Alternative lokasjonar for vaksenopplæring og konsekvensar av flytting		25/1225
049/26	Søknad om kommunal lånegaranti - Fure idrettslag		26/944
050/26	Prosjektrekneskap 2188 - Samvirket		26/943
051/26	Årsmelding 2025		26/413
052/26	Årsrekneskap 2025 - Fjaler kommune		25/1759
053/26	1. Tertialrapport 2026		26/806
054/26	Rapport om omstilling og innsparing 2026		26/953

041/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:
Innkalling og sakliste vert godkjende.

18.06.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Endringsframlegg frå ordføraren: sak 050/26 Prosjektrekneskap 2188 - Samvirket, 051/26 Årsmelding 2025 og 052/26 årsrekneskap 2025 vert handsama etter sak 045/26. Leiar i kontrollutvalet Magne Norddal vil innleie sakene og orientere om kontrollutvalet si handsaming av desse sakene.

Røysting kommunedirektøren sitt framlegg og endringsframlegg: samrøystes

KOM- 041/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjende med følgjande endring:
sak 050/26 Prosjektrekneskap 2188 - Samvirket, 051/26 Årsmelding 2025 og 052/26 årsrekneskap 2025 vert handsama etter sak 045/26.

042/26: Godkjenning av protokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Protokoll frå siste møte vert godkjend.

18.06.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: samrøystes

KOM- 042/26 Vedtak:

Protokollen frå siste møte vert godkjend.

043/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg:
Referatsakene vert godkjende.

18.06.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Ordføreren informerte om endringa i møteplanen der kommunestyremøtet frå 10.09.26 er flytta til fredag 11.09.26 jf. sak 034/26. I tillegg presenterte ordføreren programmet for kommunestyremøtet den 11.09.26. Programmet blir lagt til som vedlegg til referatsak 034/26.

Det blir i tillegg eit ekstraordinært møte i kommunestyret 20.08.26.

Tilleggsframlegg frå ordføreren: kommunedirektøren får fullmakt til å svare på uravstemning om KS sitt meklingsresultat ved hovudtariffoppgjeret pr. 01.05.26.

Kommunalsjef oppvekst møtte og svara på spørsmål til referatsak 035/26 “grunngeevande spørsmål om sommaropen SFO ved Våge skule”.

Røysting inkl. tilleggsframlegget: samrøystes

KOM- 043/26 Vedtak:

Referatsakene vert godkjende og kommunedirektøren får fullmakt til å svare på KS si uravstemning ved hovudtariffoppgjeret pr. 01.05.26.

044/26: Orienteringar frå kommunedirektøren

Framlegg frå kommunedirektøren:

Kommunestyret tek orienteringane frå kommunedirektøren til vitande.

18.06.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Kommunedirektøren orienterte om:

- Status drift pr mai 2026
- Status og framdrift for arbeid med mål og satsingar
- Rekruttere og behalde
- Skulestruktur – plan for vidare arbeid.
- Status 2026 hittil

Kommunedirektøren si presentasjon vert lagt til saka etter møtet. Presentasjonen er todelt og inneheld òg informasjon om omstillingsprosjektet, jf. KOM-sak 054/26, samt grunnlag for gruppearbeidet i forkant av dagens kommunestyremøte.

KOM- 044/26 Vedtak:

Kommunestyret tek orienteringane frå kommunedirektøren til vitande.

045/26: Rapport frå forvaltningsrevisjon om personalleiing

Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:

1. Rapporten frå forvaltningsrevisjon om personalleiing vert teken til vitande.
2. Kommunedirektøren følgjer opp funna i rapporten slik:

- a. Halde fram arbeidet med å klargjere organisasjonsplassering for dei ulike stillingane i stillingsinstruksane og stillingsskildringane.
 - b. Sikre oppfølging av rutinar om oppfølging av nytilsette, medarbeidersamtale og sluttsamtale.
3. Ordførar følgjer opp med å sikre at det vert utarbeidd leiaravtale eller tilsvarande for kommunedirektør.
4. Kommunedirektør og ordførar informerer kontrollutvalet om oppfølginga innan 1.4.2027.

18.06.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Leiar for kontrollutvalet Magne Norddal innleia saka, og presenterte funna frå forvaltningsrevisjonen om personalleiing. Leiar sin presentasjonen vert lagt til saka i etterkant av møtet.

Røysting: kontrollutvalet si tilråding vert samrøystes vedteke.

KOM- 045/26 Vedtak:

1. Rapporten frå forvaltningsrevisjon om personalleiing vert teken til vitande.
2. Kommunedirektøren følgjer opp funna i rapporten slik:
 - a. Halde fram arbeidet med å klargjere organisasjonsplassering for dei ulike stillingane i stillingsinstruksane og stillingsskildringane.
 - b. Sikre oppfølging av rutinar om oppfølging av nytilsette, medarbeidersamtale og sluttsamtale.
3. Ordførar følgjer opp med å sikre at det vert utarbeidd leiaravtale eller tilsvarande for kommunedirektør.
4. Kommunedirektør og ordførar informerer kontrollutvalet om oppfølginga innan 1.4.2027.

046/26: Kommunalt måldokument for forvaltning av hjortevilt 2026-2030

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Fjaler kommune vedtek Kommunalt måldokument for forvaltning av hjortevilt 2026 - 2030 slik det ligg føre.

18.06.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Mark Taylor (MDG) hadde etterlyst informasjon om vurdering av skade til naturmangfold, og formidla innhaldet i svaret han har motteke frå kommunedirektøren. Svaret frå kommunedirektøren vert òg lagt til saka i etterkant av møtet.

Røysting: samrøystes

KOM- 046/26 Vedtak:

Fjaler kommune vedtek Kommunalt måldokument for forvaltning av hjortevilt 2026 - 2030 slik det ligg føre.

047/26: Kommuneplanen sin samfunnsdel - sluttbehandling og vedtak

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2038 vert vedteken slik den ligg føre

04.06.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 044/26 Vedtak:

Formannskapet si tilråding:

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2038 vert vedteken slik den ligg føre

18.06.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KOM- 047/26 Vedtak:

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2038 vert vedteken slik den ligg føre.

048/26: Alternative lokasjonar for vaksenopplæring og konsekvensar av flytting

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Det skal jobbast vidare med alternative lokale for vaksenopplæringa.

Kommunestyret er positive til vidare forhandlingar med Dale vgs for skuleåret 2027/2028.

Dersom anna eigna lokale dukker opp skal dette også vurderast.

Det skal opp ny sak med oppdatering av løysingar seinast juni 2027.

18.06.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Kommunalsjef teknisk Connie Hovland og kommunalsjef kultur og samfunnsutvikling Ingeborg Tysnes møtte og svara på spørsmål.

Røysting: samrøystes

KOM- 048/26 Vedtak:

Det skal jobbast vidare med alternative lokale for vaksenopplæringa.

Kommunestyret er positive til vidare forhandlingar med Dale vgs for skuleåret 2027/2028.

Dersom anna eigna lokale dukker opp skal dette også vurderast.

Det skal opp ny sak med oppdatering av løysingar seinast juni 2027.

049/26: Søknad om kommunal lånegaranti - Fure idrettslag

Ugilde

Lammetun, Hans André
Rundberg, Anna-Linnéa

Følgjande varamedl. møtte

Merknad

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Kommunestyret vedtek å stille kommunal garanti i form av simpel kausjon for eit lån på inntil kr 750 000 til Fure idrettslag
2. Garantien gjeld for refinansiering av eksisterande lån
3. Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetaling på lånet og går ut etter 10 år med tillegg av 2 år, jamfør § 3 i *Forskrift om garantier og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner*.

04.06.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet/finansutvalet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 046/26 Vedtak:

formannskapet si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek å stille kommunal garanti i form av simpel kausjon for eit lån på inntil kr 750 000 til Fure idrettslag
2. Garantien gjeld for refinansiering av eksisterande lån
3. Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetaling på lånet og går ut etter 10 år med tillegg av 2 år, jamfør § 3 i *Forskrift om garantier og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner*.

18.06.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Hans-Andre Lammetun (SP) og **Anna-Linnea Rundberg (Uavhengig)** stilte spørsmål ved sin habilitet sidan dei er medlem i hovudstyret i Fure idrettslag.

Representantane Lammetun og Rundberg tredde frå møte under behandlinga av habilitetsspørsmål.

Røysting habilitetsspørsmålet: kommunestyret vedtok samrøystes at Lammetun og Rundberg er inhabile i handsaming av saka jf. forvaltningslova § 6 1. ledd bokstav e.

Ingen vara var innkalla.

Røysting: formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Representantane Lammetun og Rundberg tredde inn att i møtet.

KOM- 049/26 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å stille kommunal garanti i form av simpel kausjon for eit lån på inntil kr 750 000 til Fure idrettslag
2. Garantien gjeld for refinansiering av eksisterande lån
3. Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetaling på lånet og går ut etter 10 år med tillegg av 2 år, jamfør § 3 i *Forskrift om garantier og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner*.

050/26: Prosjektrekneskap 2188 - Samvirket

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Prosjektrekneskapen med tilhøyrande sluttrapport på prosjekt 2188 - Samvirket vert godkjent slik den er lagt fram.

04.06.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet/finansutvalet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 045/26 Vedtak:

formannskapet si tilråding:

Prosjektrekneskapen med tilhøyrande sluttrapport på prosjekt 2188 - Samvirket vert godkjent slik den er lagt fram.

18.06.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Saka vart innleia av leiaren i kontrollutvalet, Magne Norddal, som orienterte om kontrollutvalet si handsaming av saka. Leiaren påpeikte at forslaget frå kontrollutvalet er lagt ved saka, men ikkje sjølv vedtaket frå kontrollutvalet.

I kontrollutvalet sitt vedtak var det lagt til eit punkt om at kjøpesummen for bygget på kr 4 750 000 òg vart teken med. Tilleggspunktet i kontrollutvalet sitt vedtak endrar ikkje noko i høve til formannskapet si tilråding i saka.

Rett vedlegg vert lagt til saka etter møtet.

Røysting: formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KOM- 050/26 Vedtak:

Prosjektrekneskapen med tilhøyrande sluttrapport på prosjekt 2188 - Samvirket vert godkjent slik den er lagt fram.

051/26: Årsmelding 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Årsmeldinga til Fjaler kommune for 2025 vert godkjend slik den er lagt fram.

04.06.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet/finansutvalet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 047/26 Vedtak:

Formannskapet si tilråding:

Årsmeldinga til Fjaler kommune for 2025 vert godkjend slik den er lagt fram.

18.06.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Debatten på sak 051/26 og sak 052/26 blir teke samla.

Leiar for kontrollutvalet Magne Norddal innleia saka, og orientere om kontrollutvalet si handsaming av saka.

Røysting: samrøystes

KOM- 051/26 Vedtak:

Årsmeldinga til Fjaler kommune for 2025 vert godkjend slik den er lagt fram.

052/26: Årsrekneskap 2025 - Fjaler kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Årsrekneskapen til Fjaler kommune vert godkjend slik den ligg føre
2. Det blir løyvt kr 1 147 000 til å dekke det kommunen har betalt for lite i minimumsavdrag for regnskapsåret 2025. Avdraget blir betalt i 2026. Løyvinga blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond.
3. Investeringsprosjekt som er gjort opp med meirforbruket blir delvis dekkja inn med prosjekt som er gjort opp med mindreforbruk. udekka på kr 2 367 835 blir finansiert med låneopptak. Kommunedirektøren før fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.

04.06.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet/finansutvalet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 048/26 Vedtak:

Formannskapet si tilråding:

1. Årsrekneskapen til Fjaler kommune vert godkjend slik den ligg føre
2. Det blir løyvt kr 1 147 000 til å dekke det kommunen har betalt for lite i minimumsavdrag for regnskapsåret 2025. Avdraget blir betalt i 2026. Løyvinga blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond.
3. Investeringsprosjekt som er gjort opp med meirfruke blir delvis dekkja inn med prosjekt som er gjort opp med mindreforbruk. udekka på kr 2 367 835 blir finansiert med låneopptak. Kommunedirektøren før fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.

18.06.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Debatten på sak 051/26 og sak 052/26 blir teke samla.

Leiar for kontrollutvalet Magne Norddal innleia saka, og orientere om kontrollutvalet si handsaming av saka.

Røysting: formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KOM- 052/26 Vedtak:

1. Årsrekneskapen til Fjaler kommune vert godkjend slik den ligg føre
2. Det blir løyvt kr 1 147 000 til å dekke det kommunen har betalt for lite i minimumsavdrag for regnskapsåret 2025. Avdraget blir betalt i 2026. Løyvinga blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond.
3. Investeringsprosjekt som er gjort opp med meirfruke blir delvis dekka inn med prosjekt som er gjort opp med mindreforbruk. udekka på kr 2 367 835 blir finansiert med låneopptak. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.

053/26: 1. Tertialrapport 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. 1.tertialrapport 2026 vert vedteken slik den er lagt fram
2. Revidert driftsbudsjett vert vedteke i samsvar med løyvingsoversikt §5-4, første og andre ledd
3. Revidert investeringsbudsjett vert vedteke i samsvar med tabell Status § 5-5 første og andre ledd ledd
4. Meirforbruket på investeringsbudsjettet på kr 1 418 000 vert finansiert med låneopptak. Kommunedirektøren får mynde til å gjennomføre låneopptaket.

04.06.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet/finansutvalet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 041/26 Vedtak:

Formannskapet si tilråding:

1. 1.tertialrapport 2026 vert vedteken slik den er lagt fram
2. Revidert driftsbudsjett vert vedteke i samsvar med løyvingsoversikt §5-4, første og andre ledd
3. Revidert investeringsbudsjett vert vedteke i samsvar med tabell Status § 5-5 første og andre ledd ledd

4. Meirforbruket på investeringsbudsjettet på kr 1 418 000 vert finansiert med låneopptak. Kommunedirektøren får mynde til å gjennomføre låneopptaket.

18.06.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KOM- 053/26 Vedtak:

1. 1.tertialrapport 2026 vert vedteken slik den er lagt fram
2. Revidert driftsbudsjett vert vedteke i samsvar med løyvingsoversikt §5-4, første og andre ledd
3. Revidert investeringsbudsjett vert vedteke i samsvar med tabell Status § 5-5 første og andre ledd
4. Meirforbruket på investeringsbudsjettet på kr 1 418 000 vert finansiert med låneopptak. Kommunedirektøren får mynde til å gjennomføre låneopptaket.

054/26: Rapport om omstilling og innsparing 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyre tek rapport om omstilling og innsparing 2026 til vitande.

Adminstrasjonen tek innspel frå kommunestyre med i vidare arbeid med omstilling og innsparing herunder arbeid med budsjett- og handlingsprogram for 2027-2030.

04.06.2026 Formannskapet

Handsaming:

Mark Taylor (MDG) tredde inn i møtet.

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet/finansutvalet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 042/26 Vedtak:

Formannskapet si tilråding:

Kommunestyre tek rapport om omstilling og innsparing 2026 til vitande.

Adminstrasjonen tek innspel frå kommunestyre med i vidare arbeid med omstilling og innsparing herunder arbeid med budsjett- og handlingsprogram for 2027-2030.

18.06.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Mark Taylor (MDG) formidla innspel frå eldrerådet som handsama rapporten i møte måndag 15.06.26.

Kommunestyre hadde gruppearbeidet i dag om prosjektet omstilling og innsparing. Kommunedirektøren sin presentasjon som grunnlag til gruppearbeidet ligg ved som vedlegg i KOM-sak 044/26 "Orienteringar frå kommunedirektøren".

Røysting: formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KOM- 054/26 Vedtak:

Formannskapet si tilråding:

Kommunestyre tek rapport om omstilling og innsparing 2026 til vitande.

Adminstrasjonen tek innspel frå kommunestyre med i vidare arbeid med omstilling og innsparing herunder arbeid med budsjett- og handlingsprogram for 2027-2030.